



Krav om innsyn i personopplysningar etter personopplysningslova (GDPR)

Du kan be om stadfesting på om politiet samlar inn og bruker opplysningar om deg, og kva opplysningar dette gjelder. Du kan også be om kopi av opplysningane. Du får som hovudregel ikkje innsyn i opplysningar om andre personar.

Dette skjemaet kan nyttast dersom du ønsker å be om innsyn i dine personopplysningar etter personopplysningslova. Skjemaet kan sendast til Politidirektoratet (Postboks 2090 Vika, 0125 Oslo) eller til politidistriktet du bur i. Adresseoversikt finst på politiet.no.

Politiet gjer merksam på at skjemaet ikkje bør sendast til oss på e-post, fordi e-post ofte blir sendt ukryptert. Teiebelagde, sensitive eller andre fortrulege opplysningar bør derfor ikkje sendast med e-post. Dette gjeld også meldingar som inneheld fødselsnummer.

Svar på krav om innsyn vil bli sendt til din folkeregistrerte adresse.

Personalia

Fornamn og mellomnamn:			
Etternamn:			
Tidlegare etternamn:			
Adresse:			
Postnummer:	Poststad:	Fødselsnummer (11 siffer):	Telefon (frivillig):
E-post:			

Eg ønsker innsyn i opplysningar om:

- ☐ meg sjølv
- ☐ eget/eigne barn
- ☐ ein person eg handlar på vegne av (fullmakt må leggjast ved)

Set inn opplysningar om den det er ønska innsyn i personopplysningar om.

Fornamn og mellomnamn:
Etternamn:
Fødselsnummer (11 siffer):

Føresette/verje kan på sjølvstendig grunnlag be om innsyn i opplysningar om barnet frem til fylte 15 år. Kravet må underteiknast av ein føresett/verje. Frå fylte 15 år kan den opplysningane gjeld sjølv be om innsyn etter personopplysningslova (GDPR). Føresette kan utøve innsynsrett på vegne

av barn over 15 år når barna samtykker til dette og i nokre tilfelle der dette er nødvendig for å utøve foreldreansvar.

Underskrift

Stad:	Dato:	Underskrift:	Underskrift føresett/verje:

☐ Har du hugsa å legge ved legitimasjon?

Kravet om innsyn må vere underteikna, og kopi av gyldig legitimasjon må vektleggast. Sjå under "Legitimasjon" for kva som blir rekna som gyldig legitimasjon.

Legitimasjon

Kopi av gyldig legitimasjon må vedlegges for at kravet skal kunne behandles. Legitimasjonen kan ikke ha utløpt gyldighetsdato. Merk at både navn, fødselsnummer og bilde må fremkomme av kopien som fremlegges.

Hva godtas som legitimasjon?

- Gyldig pass (ikke nødpass)
- Norsk bankkort med bilde
- Norsk førerkort – original og duplikat (ikke førerkort av eldre dato – "grønt førerkort")
- Nordiske førerkort av EU/EØS-standard
- Forsvarsdepartementets ID-kort (fra 2004)
- Gyldig postens ID-kort utstedt etter 1. oktober 1994
- Nasjonalt ID-kort utstedt innenfor EØS-området
- Asylsøkerbevis i tillegg til signatur og fødested
- Norsk reisebrev for flyktninger (grønt pass)
- Norsk utlendingspass (blått pass)

Kva blir det kravd innsyn i?

Du finn meir informasjon om dei enkelte systema/registera på politiet.no. Vi ber om at du berre kryssar av for registera/opplysningar som er relevante for din førespurnad.

Eg ønsker innsyn i:

☐ **Våpenregisteret**

Ønsker du innsyn i opplysningar registrert om deg i forbindelse med at du eig våpen eller har søkt om våpenløyve?

☐ **Inndregne førarkort**

Ønsker du innsyn i opplysningar registrert om deg i forbindelse med at du har fått førarkortet ditt inndrege?

☐ **Tilsett eller arbeidssøkjjar**

Ønsker du innsyn i opplysningar politiet har registrert om deg fordi du er eller har vore tilsett eller har vore i ein arbeidssøkarprosess i politiet?

☐ **Andre opplysningar**

Ønsker du innsyn i andre opplysningar om deg enn dei som er nemnt over? Politiet behandlar opplysningar til ei rekke formål og i ei rekke ulike register og system. For at direktoratet raskt skal kunne svare ut kravet er det derfor ein fordel om du opplyser i kva samanheng du meiner politiet skal ha registrert opplysningar om deg og/eller kva politidistrikt du eventuelt har vore i kontakt med.

Eg ønsker i tillegg informasjon om følgende:

- ☐ Føremåla med behandlinga av personopplysningane.
- ☐ Kven politiet har utlevert eller vil utlevere opplysningane til, særleg dersom opplysningane blir utlevert til mottakarar i land utanfor EU/EØS eller internasjonale organisasjonar.
- ☐ Kor lenge opplysningane blir lagra, eventuelt kriteria politiet legg til grunn for fastsetting av lagringstid.
- ☐ Mine rettar knytt til retting, sletting, avgrensing og til å protestere mot behandlinga.
- ☐ Dersom opplysningane ikkje er samla inn frå meg, kor dei er samla inn frå.
- ☐ Om politiet gjer automatiserte avgjersler på bakgrunn av opplysningane, og kva for logikk som i så fall ligg til grunn for desse avgjerslene, samt konsekvensane dette kan ha for meg som registrert.